



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandler, innvalgstelefon

Ragnhild Redse Mjaaseth, 75531559

Melding om oppstart av planarbeid - vern av skog på Statskog SF sine eigedommar i Grane, Hattfjelldal, Hemnes og Vefsn

Fylkesmannen i Nordland melder oppstart av verneplanarbeid for 18 områder på Statskog sine eigedommar i Grane, Hattfjelldal, Vefsn og Hemnes kommunar, jf. Naturmangfoldlova § 37.

Under Stortinget si behandling av St. meld. nr. 25 (2002-2003) - "*Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*", ga Stortinget sin tilslutnad til auka skogvern. Stortinget presiserte at det vil vere ein viktig strategi å bruke offentleg eigde skogar for å auke vernearealet. Bakgrunnen for denne prosessen er Stortinget si innstilling til Klima- og miljødepartementet sitt budsjett for 2016. Her gjekk følgjande merknad fram: "*Flertallet mener at skogvern er viktig og viser til budsjettavtalen hvor det er enighet om at regjeringen skal sørge for en gjennomgang av Statskog SFs ordinære skogeiendommer for verneverdig skog, og legge til rette for at verneverdig skog i deres eie kan vernes etter naturmangfoldloven*". I samband med skogvernet har det vore ein dialog mellom Statskog SF og Miljødirektoratet. I august 2018 vart det inngått ein avtale mellom Statskog SF og Miljødirektoratet om rolle- og oppgåvefordeling, informasjonsutveksling, samhandling og saksprosedyrer. Vernet skal i tillegg til dette bygge på NINA si evaluering av eksisterande skogvern (NINA-rapport 1352 2016; <https://www.skog.no/wp-content/uploads/2018/06/Evaluering-av-norsk-skogvern-i-2016.pdf>).

Biologiske registreringar

Som grunnlag for prosessen fekk Miljødirektoratet gjennomført biologiske registreringar og vurderingar av Statskog SF sine eigedommar av Asplan Viak i 2018. Registreringane vart publisert i to rapportar som du kan finne på følgjande lenke: <https://www.fylkesmannen.no/nb/Nordland/Miljo-og-klima/Verneomrader/Verneplanprosesser/rapporter-i-forbindelse-med-skogvern/>. Dei registrerte områda har fått verdisetjing i følgjande kategoriar for verneverdi:

- Ingen verneverdi: 0
- Lokal verneverdi: *
- Regional verneverdi: **
- Nasjonal verneverdi: ***

Det skal kun meldast oppstart for lokalitetar med verdiene ** og ***. Det vart undersøkt 31 områder på ca 75 000 daa tilsaman. 13 av desse områda vurderast ikkje vidare for vern og er friggitt, hovudsakeleg på grunn av lite miljøverdiar.



Vi melder hermed oppstart for følgjande områder

NAVN	Kommune	Areal	Verdi	Verdi med eksisterande verneområde
Utvidelse av Auster-Vefsna naturreservat	Grane	221	**	****
Breiskardet-Båtskardet	Grane	4.982	***	
Litfjellet	Grane	926	**	
Spelremvatnet	Grane	747	**	
Stavvassdalen-Dempa	Grane/Vefsn	8.087	**	***
Svartvasselva	Grane	204	**	
Vassåsen	Grane	120	**	
Utvidelse av Skarmodalen naturreservat	Hattfjelldal	1.484	**	***
Bollermoen	Hemnes	541	**	
Svartåga statskog	Hemnes	297	**	
Grytåvatnet	Vefsn	3.099	**	
Olaåsen	Vefsn	1.106	**	***
Utvidelse av Danielåsen naturreservat	Grane	8.746	***	****
Utvidelse av Holmvassdalen naturreservat	Grane	15.815	***	****
Jerpåsen – Utvidelse av Litle Fiplingdalselva naturreservat	Grane	2.472	***	***
Mikkeljordmoen	Hattfjelldal	337	***	
Utvidelse av Simaklubben naturreservat	Hemnes	1.164	***	***
Utvidelse av Tuvhaugen naturreservat	Hemnes	338	***	***
Totalt		50.686		

Konsekvensar for skogbruket

Areal, både enkeltlokalitetar og samla, er av ein slik storleik at dei ikkje utløyser plikt om konsekvensutgreiing. Men i oppdragsbrevet til Miljødirektoratet påpeikar Klima- og miljødepartementet viktigheita av å framskaffe data som gir eit godt grunnlag for avveging mellom verneverdiar og næringsmessige konsekvensar. Dette vil blant anna vere data om behovet til den lokale industrien for trevirke, tilgjengeleg tømmerressursar i regionen, statistikk for årleg avvirking i regionen og liknande. Skog som uansett er bandlagt i nøkkelbiotopar og andre pålagte miljøomsyn, samt skogbruket sine sjølvpålagte hogstrestriksjonar må trekkast i frå tilgjengelege skogressursar, samt skog som ikkje kan forventast å bli avverka på grunn av lav lønnsemd. Miljødirektoratet tek sikte på å sette ut oppdraget med å analysere skogdata, men beskriv sjølv naturverdiar, data om verneområder med meir. Miljødirektoratet vil deretter gjere ei samfunnsmessig avveging mellom naturverdiar og skogbruksverdi. Rapporten skal vere ferdig før områda sendast på høyring.

Opne befaringar

I august vil vi gjennomføre 4 opne befaringar, ei i kvar kommune. Befaringane erstattar folkemøta som vi tidlegare har brukt og hatt i slike verneplanprosessar. Befaringane blir heldt i august i veke 35.

For å kunne sikre at vi følgjer retningslinjer frå Helsedirektoratet når det gjeld smittevern, ber vi om at dei som skal vere med på befaring melder seg på via denne linken:

https://forms.office.com/Pages/ResponsePage.aspx?id=jqVvilNR-kuai1c9mFpBhg3vNuOE_ktBgc3zVghuj7NUMFVBRTdRRjvZRIk4Q0ISRdVLQvdDOEpJNS4u.




Følgjande områder og dagar er valgt ut:

-Hemnes kommune: Befaring i **Simaklubben (utvidelse) mandag 24. august kl 17.** Oppmøte på snuplass i Stabborsdalen, følg traktorveg innover langs elva.



-Vefsn kommune: Befaring i **Olaåsen tirsdag 25. august kl 17.** Oppmøte ved Tverråsmyra. Parkering langs skogsbilvegen innover mot Sirijorda.





Opne kontordagar

I samband med dei opne befaringane planlegg vi å ha ein open kontordag i kvar av kommunane på dagtid, slik at vi kan svare på eventuelle spørsmål eller ta imot innspel.

- Ope kontor på rådhuset i Korgen i Hemnes: **Mandag 24/8 kl 9-14**
- Ope kontor på Fylkesmannens kontor i Mosjøen (Sjøgata16/18) i Vefsn: **Tirsdag 25/8 kl 9-14**
- Ope kontor på rådhuset i Trofors i Grane: **Onsdag 26/8 kl 9-14**
- Ope kontor på rådhuset i Hattfjelldal: **Torsdag 27/8 kl 9-14**

Referansegruppe

Vi kjem til å opprette ei referansegruppe som skal vere eit bindeledd mot dei ulike samfunnsinteressene under arbeidsfasen. Hovedformålet med denne gruppa vil vere å bidra til ein god prosess, rådgiving og gjensidig informasjons- og kunnskapsutveksling. Vi ser for oss følgjande sammensetjing:

- to personar frå to av dei fire berørte kommunane
- ein person frå Nordland fylkeskommune
- ein person frå FNF (Forum for natur og friluftsliv)
- ein person frå reindrifta
- to personar frå skogbruksindustrien (ein representant frå Arbor og ein frå Nordland skognæringsforum)
- to personar frå Statskog SF

Framdriftsplan

Etter at vi har fått innspel til oppstartsmeldinga, vil vi gjennomføre møter med berørte partar og eventuelt planlegge fleire befaringar i nokre av områda viss det er behov for det. På bakgrunn av møter, befaringar, innspel til oppstartsmeldinga og biologiske registreringar vil vi utarbeide eit forslag til verneplan som sendast på ei omfattande høyring lokalt og sentralt. Naturresservat vil vere den mest aktuelle fredningsforma. For dei områda som eventuelt blir freda blir det laga forskrifter som vil begrense mulegheitene for tiltak som kan endre naturmiljøet i området.

Framdrifta i arbeidet er planlagt slik:

1. Utsending av oppstartsmelding: juni 2020
2. Oppretting av referansegruppe: juni 2020
3. Opne befaringar/ope kontor: august 2020
4. Møter, eventuelt fleire befaringar og utarbeiding av verneplan: oktober-desember 2020
5. Utarbeiding av rapport om konsekvensar for skogbruket: august-desember 2020
6. Fagleg gjennomgang hos Miljødirektoratet: januar/februar 2021
7. Lokal og sentral høyring av verneplanen: mars-mai 2021
8. Eventuelt fleire befaringar i høyringsperioden og før tilrådinga: mai-august 2021
9. Fylkesmannen sender tilråding til vern til Miljødirektoratet: august 2021


Frivillig vern

Frivillig skogvern er ei ordning der skogeigar sjølv tilbyr skogareal til vern. I tilknytning til eit av områda som vurderast i denne verneplanprosessen, har grunneigar tilbode eit lite areal for vern. Dette området heiter Litjfellia, og ligg ved Litjfellet i Grane kommune. Den oppstartsmeldinga gjeld også for dette private arealet som er meldt inn til frivillig vern:

Område	Kommune	Areal
Litjfellia	Grane	43 daa



Kartet under viser både området som vurderast for vern på statsgrunn og området som er tilbode for frivillig vern.



For området som er tilbode for frivillig vern er det Allskog som representerer grunneigar.

Avgrensing av områda

Med bakgrunn i dei rapportane som er skrevne, samt vernegrenser foreslått av kartleggar, har Fylkesmannen laga konkrete forslag til avgrensingar for dei 18 områda på i overkant av 50.000 daa. Eit grovt oversiktskart over lokalitetane som vurderast er vedlagt. Meir nøyaktige kartavgrensingar for oppstart kan sjåast i dette kartet:

<https://fylkesmannen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=cb9d7639af174af59d01d2af2908fd31>.

Kontakt og innspel

For å få ein god prosess er det viktig å få klarlagt dei interessene som knytter seg til bruken av desse områda. Vi gir derfor ein frist til **1. oktober 2020** for å kome med synspunkt og innspel om interesser eller forhold som bør vurderast under planarbeidet. Melding om oppstart vil også kunngjerast i Helgelendingen, Rana Blad og Avisa Nordland. Informasjon om oppstart finst også på heimesida vår: <https://www.fylkesmannen.no/nb/Nordland/Hoeringer/>.

Ved eventuelle spørsmål eller ønske om meir informasjon, ta kontakt med Ragnhild Redse Mjaaseth på e-post: fmnormj@fylkesmannen.no, tlf: 75 53 15 59.



Med hilsen

Torfinn Sørensen (e.f.)
fylkesmiljøvernsljef

Mia Marthinus Husdal
underdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Oversiktskart - vern av skog på Statskog SF sine eiendommer

Mottakerliste:

SØR-HÅLOGALAND HEIMEVERNS- DISTRIKT 14 HV-14	Postboks 800 Postmottak	2617	LILLEHAMMER
NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NTNU FAKULTET FOR NATURVITENSKAP	Høgskoleringen 5	7491	TRONDHEIM
NORSKE REINDRIFTSAMERS LANDSFORBUND	Postboks 508	9255	TROMSØ
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien 24	1341	SLEPENDEN
NATURVERNFORBUNDET I NORDLAND	c/o Bjørn Økern Postboks 14	8842	BRASØY
NORDLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 1485	8048	BODØ
STATENS VEGVESEN REGION NORD MOSJØEN KONTORSTED	M BRUNS GATE 12	8657	MOSJØEN
NORDLAND REISELIV AS	Postboks 434	8001	BODØ
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVD. NORDLAND	Atle Ivar Olsen Skogsøy	8700	NESNA
RØSSÅGA/TOVEN REINBEITEDISTRIKT	c/o Helge Anti Bryggfjellidal	8646	KORGEN
NTNU VITENSKAPSMUSEET	Erling Skakkes gate 47	7491	TRONDHEIM
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
NORGES IDRETTSFORBUND OG OLYMPISKE OG PARALYMPISKE KOMITÉ	Postboks 5000	0840	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION NORD	Capitolgården Kongens gate 52	8514	NARVIK
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
NOROGGÁ SÁMIID RIIKKASEARVI - NORSKE SAMERS RIKSFORBUND NSR	Postboks 173	9521	KAUTOKEINO
GRANE KOMMUNE	Industriveien 2	8680	TROFORS




FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
BYRKIJE REINBEITEDISTRIKT	c/o Tor Enok Larsen Fiplingdal	8680	TROFORS
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
KS-KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
VEFSN KOMMUNE	Postboks 560	8651	MOSJØEN
ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaard's veg 13A	7047	TRONDHEIM
SAMEDIGGI / SAMETINGET	Ávjovárgeaidnu 50	9730	KARASJOK
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
NORGES NATURVERNFORBUND	Maribo'es gate 8	0183	OSLO
NORSK FRILUFTSLIV	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
STATENS VEGVESEN REGION MIDT	Fylkeshuset	6404	MOLDE
MOLDE KONTORSTED			
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
NORGES BONDELAG AVD NORDLAND BONDELAG	Postboks 383	8001	BODØ
NORDLAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Astrid T. Olsen Kjerringøyveien 1319	8093	KJERRINGØY
Tor Tønsberg	Nubbekken 7 F	5022	BERGEN
NORSK ORKIDEFORNING	c/o Anne Lise Nevøy Ullandhaugleitet 20	4021	STAVANGER
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Naturhistorisk museum Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
HATTFJELLDAL KOMMUNE	O.T. Olsens vei 3A	8690	HATTFJELLDAL
HEMNES KOMMUNE	Sentrumsveien 1	8646	KORGEN
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Eiaveien 5	8208	FAUSKE
AVD NORDLAND			
NORSK GROTTFORBUND	Postboks 1301	8602	MO I RANA
RANA ZOOLOGISK FORENING	Postboks 1301	8602	MO I RANA
VOENGEL NJARKE	v/ Nils-Johan Kappfjell	7890	NAMSSKOGAN
REINBEITEDISTRIKT	Bjørhusdalsveien 94		
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS




STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS- DEPARTEMENTET	Postboks 8112 DEP	0032	OSLO
NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
ARBOR AS	Arborveien 10	8690	HATTFJELLDAL
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I NORDLAND	Eiaveien 5	8208	FAUSKE
STATKRAFT AS	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
JILLEN-NJAARKE REINBEITEDISTRIKT	c/o leder Torstein Appfjell Haustreisvegen 98	8680	TROFORS
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
SABIMA	Mariboës gate 8	0183	OSLO
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
TURISTFORENINGENE I NORDLAND	Postboks 751	8001	BODØ
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
NHO REISELIV NORD-NORGE	Postboks 448	9255	TROMSØ

Oversiktskart - verneplanprosess for skog på statsgrunn



Teiknforklaring

 Områder som vurderes i forbindelse med vern av skog på statsgrunn

0 5 10 km

